DEBATT
FRA BARRIKADE TIL BARRIKADE: EN DEBATT OM MUSEERS ANSVAR OG ROLLE SOM POLITISKE AKTØRER
UKS på Kunstnernes hus, 5. november
Lenke til arkiv: <https://www.uks.no/archive/from-barricade-to-barricade-a-debate-on-museums-responsibilities-and-role-as-political-actors/>

*

Styreleder Ragnhild Aamås' intro
Lesenotat

Museumsansvar i eit tid med folkemord og kulturmord, stormande informasjonsteknologiske nyvinningar på ei klode som «brenner» og stadig er meir hungrig på energi.

«Kunst har aldri hatt nasjonale grenser» (Nationalmuseum i Stockholm, Susanna Pettersson)

Hei

Ragnhild Aamås, styreleier i UKS, og kunstner, som alle dei andre i styret vårt.

UKS er tohodet: en landsdekkende medlemsorganisasjon for kunstnere *og* et visningsrom for samtidskunst grunnlagt i 1921.

Dette er eit samarbeid med Kunstenrnes Hus, takk til dokke som har laga plass til oss. Og Takk til NBK for fagpolitiske midler til å planlegge og arranger debatten. Hei til dokke som ser på fra straumen.

«Hvilket handlingsrom og samfunnsansvar har våre kunstinstitusjoner når det forventes at de erklærer solidaritet eller tar politiske standpunkt? Hvilke krav og forventninger har samfunnet til kunstfeltet?

De siste ukene har den offentlige samtalen rundt Nasjonalmuseets kuratering av Noa Eshkols verk "Mourning Carpet(After the Ma'alot School Massacre)" i rom 76, gått i flere medier. I lys av dette inviterer Unge Kunstneres Samfund (UKS) og Kunstnernes Hus til en debatt om museenes rolle og handlingsrom som politiske aktører ? Som arena?»

I mi kunsthistorie, den eg ser som relevant kanon, begynte kunstmusea som ei plyndring av aristokratiets samlingar. Men ein gjorde noko anna enn å smørre det tynt utover, ein samla det, arkiverte, systematiserte. Og så har vi kunstmusea som mausoleer, å danse med døden eit memento mori og ein påminner om at akkurat her og no, er forma av fortellinga av fortida som vi møter.

Kan vi halde samtida vår meir kompleks ved å huske at fortida er det også? Kordan kan musea legge til rette for samtalar og aktivere samlingane sine ?
Musea har ein spesiell plass i kunstfeltets økologi. Vi her nede mellom dei små og mellomstore institusjonane brautar oss ofte med at det er vi som driver utviklinga og mengdetreninga av talenter dokke seinare hauster.

Men dokke setter ein almenn agenda som ofte er utanfor vår rekkevidde, dokke er i hovedstraumen til medvitet til folkesentaden. Eg meiner dokke har ein oppdragande funksjon som ikkje kan starte med å undervurdere korkje den faglige delen av feltet, og heller ikkje folks evne og nysgjerrighet på kompleksitet.

Her er ein påstand :vi bør ha eit samfunn og institusjonar der det er rom for å lære av feila sine, der å anarkjenne feil ikkje er å legge hovudet på ein hogestabbe, men ei anledning til forbetring.

Nært og fjernt

Responsen fra musea og hovudstraumskulturen til Ukraina og Palestina blir ofte samanlikna, nøling i det siste tilfellet, og umiddelbar magereaksjon i det første. Eit sjølvsagt skal vi støtte og ta hand om det som er nært oss. (I rom). Nær oss som uvær og jordskred (men kor er årsaka). Nær oss som olje og fondsinvisteringar. Nær oss som pengar til helsevesen og samferdsel og kultur.

Musea er støtta av næringar som driv klimaendringane. Musea forvalter ei arv som er større enn den kan sjå ut som.

Heile Norges museum, som det står i dei nye strategien til Nasj kan høyres underleg innomskjærs ut i eit land som har vore kjenneteikna av fiske, mineralutvinning, shipping og no finansnæringa: utoverstrekkande rørsler. Nær oss likevel. Kunsten er internasjonal, global, har lenge trrått frem i ei støpeform fra 1700-tallet som blir omfortolka etterkvart som tida går, og den blir uforståeleg utan ein større sammenheng.

Norges befolkning er kompleks. Det må museas fortolking av rolla si ta inn over seg, kva som er nært oss og kva som er langt vekke er ikkje berre målt i kilometer.

Kvifor UKS tar tak i denne debatten

Vi har invitert til ein debatt, og kalt den FRA BARRIKADE TIL BARRIKADE: EN DEBATT OM MUSEERS ANSVAR OG ROLLE SOM POLITISKE AKTØRER

Fra kunstnarane og kunstnarorganisasjonene har det å komme i samtale vore eit stort ønske. Om ikkje vi greier å snakke saman, kven gjer det då? Vi bryr oss om kva musea som huser og forvalter verka våre (også etter vi er døde) har slags hensikter, strategier og rolleforståelse.

Ofte er det i det påståtte nøytrale, at overgrep kan holde fram. Vi vasker hendene, dette har vi ingenting med.

I norge kan det nokon gongarvirke som om forvaltningen, driftskrava, brannsikkerheit, regulering av rommet, står sterkare enn både kunstnerisk og kuratorisk styring ….

Men vent, ordet har meir ved seg: Drift: som eit driv, tenning, …)
å holde virksomheten i gang
Sterk indre tilskyndelse,
trang
attrå
å drive/sette i bevegelse

Eg trur vi ser engasjementet fordi folk bryr seg om musea, fordi ein bryr seg om arbeidsplassen sin og kva den kan vere, fordi vi bryr oss om dei store som forvalter fortellinga om kva som skjedde i den tida vi virka og kva kunstverka våre blir brukt til etter vår eiga livstid. (Eller som dei sei: kva er det dokke bruker skattepengane mine til!?)

Er ein arena nøytral? Kven blir invitert inn og vist fram? Kven og kva blir samla og bygd historie rundt? Kven sine fortellingar lever vidare?

AVRUNDING

Før eg har gleden av å introdusere lederen av panelet, vil eg ta dokke gjennom UKS sine etiske retningslinjer.
….

Da har eg gleden av å introdusere: Selma Stormyren Larsen, journalist i Klassekampen.